

## Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 12.05.2015

Representanten **Alexander Fosse Andersen** sette fram følgjande forslag på vegner av SP/AP/KRF:

«Undervisningstilbodet i vaksenopplæringa skal framleis vere desentralisert».

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke saman med Fosse sitt tilleggssforslag.

### INNSTILLING

Fylkesutvalet legg vekt på at senterstrukturen for vaksenopplæringa skal vera funksjonell og berekraftig i høve til dei oppgåvene ansvarsområdet er sett til å løysa.

1	Fylkesutvalet går inn for at vedtaket om etablering av vaksenopplæringscenter på Stord og Voss vert tilpassa slik <ul style="list-style-type: none"><li>– Stord vidaregåande skule: kommunane Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad og Austevoll</li><li>– Voss gymnas: kommunane Jondal, Odda, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Voss, Vaksdal og Kvam</li></ul>
2	Fylkesutvalet går inn for at det for området Stor-Bergen vert etablert tre vaksenopplæringscenter <ul style="list-style-type: none"><li>– Sotra vidaregåande skule: kommunane Sund, Fjell, Øygarden og Askøy</li><li>– Åsane vidaregåande skule som vaksenopplæringscenter for handverks-, industri-, helse- og oppvekstfag for Bergen, Nordhordland og kommunane Fusa, Samnanger og Os</li><li>– Bergen Katedralskole som vaksenopplæringscenter for studiespesialiserande fag for Bergen, Nordhordland og kommunane Fusa, Samnanger og Os</li></ul>
3	Ny senterstruktur vert innført frå 01.01.2016 og gjennomført fortløpande så raskt som dei formelle og praktiske tilhøva ligg til rette for dette.
4	Senterstrukturen bør følgjast opp og reviderast i 2020, - etter ein driftsperiode på 5 år
5	Undervisningstilbodet i vaksenopplæringa skal framleis vere desentralisert.